



Selskap, middag eller fest i Agatunet

Å samlast til fest i Agatunet er ei spesiell oppleving. Det freda klyngetunet gjev ei heilt eigen råme kring arrangementet anten det er konfirmasjon, brudlaup og dåp, eller jubileumsfeiringar, firmafester, møter eller ei stund med gode vener.

I dette skrivet har me samla det meste av det de treng å vita for å planleggja ein tilstelling i tunet. Her finn de prisar, retningslinjer og omtale av kva Agatunet har å by på. Har de spesielle ynskjer utover det de finn i skrivet ordnar me det meste. Me ser fram til å få dykk på besøk, og vil gjera vårt aller beste for at de skal få ei strålande stund i vakre Agatunet.

Lokala

Agatunet har fleire lokale som nyttast til utleige og servering. Her er dei viktigaste.

Lagmannstova

Lagmannstova er ein unik mellomalderbygning frå ca 1270. Her heldt riddaren Sigurd Lagmann til fram til sin død i 1303, og salen der han heldt rettsmøte er svært intakt. Dette lokalet passar til dei heilt spesielle anledningane. Her vert det dekka på finaste vis, og atmosfæren er heilt spesiell.

Passar for: Dei store anledningane

Tall: om lag 20 – 36 personar

Pris: 5.500,- for omlag tre timers bordsete, same pris heile året, men prisen aukar med 1.000,- pr time arrangement utover tre timar.

Kafeen og Grønastova

Små, hyggelege lokalar i Lensmannsstova. Her finn ein mellom anna sesongens kunstutstillingar.

Passar for:

- små grupper
- i kombinasjon med middag i Lagmannstova, eks mottakingar, eller møter i Johannstova
- greie lokalar i haust/vinterhalvåret

Tall: om lag 10 - 15 personar i kafeen eller i Grønastova

Pris:

- | | |
|--|------------------------------------|
| • under 10 personar i ordinær opningstid | ingen leie |
| • Over 10 personar i ordinær opningstid | 1.000,- (Grønastova) |
| • Etter sesong/ ordinær opningstid, | 3.000,- |
| • I kombinasjon m andre lokalar, utanom opningstid | 1.000,- pr time lokalet er i bruk, |



AGATUNET

Johansstova

Dette er møte og konferanserommet vårt, med fastmontert lerret, møteprojektor, og godt lydanlegg. Konferansebord og gode stoler. Kan og nyttast til middagar der ein ynskjer å visa bilete under middagen. Under møtet er det høve til å få servert kaffi, te frukt eller kaker.

Passar for:

- Møter
- Konferansar
- Filmframsyning
- Kan og nyttast til middagar, eller mottakingar

Tall: om lag 20 personar

Pris:

- Møte i ordinær opningstid 1.000,-
- Møte utanom ordinær opningstid 2.000,-
- Middag 5.000,-
- I kombinasjon m andre lokalar, 1.000,- pr time lokalet er i bruk,
utanom opningstid

Asbjørnsløa

Ypparlig som danselokale etter middagen. Kan riggast til med bar og lydanlegg, fint til enkel servering av kaffi og kaker etter middagen.

Passar for:

- Dans
- Kaffi og kaker

Antall: 40 personar

Pris:

- I kombinasjon m andre lokalar, 1.000,- pr time lokalet er i bruk,
utanom opningstid



AGATUNET

Siderkjellaren

Stemningsfull siderkjellar som er ypparlig til mottakingar, sidersmaking og gode historier.

Passer for:

- Mottakingar
- pausar mellom deler av programmet
- sidersmaking
- kombinasjon med andre lokalar
- Ikkje for borddekking!

Tall: 10 - 15 personar om gangen, ved fleire personar enn dette kan ein ha sidersmaking i kjellaren under Lagmannstova

Pris:

- I kombinasjon m andre lokalar, 500,- pr time lokalet er i bruk, utanom opningstid

Servering

Agatunet har i fleire år samarbeida med Aga tradisjonsmat. Aga tradisjonsmat ble etablert i 2002 av Marianne Miljeteig Aga. Ho lagar "rein" mat utan tilsetjingstoff, og ynskjer å ta vare på gamle mattradisjonar og kulturarv. På menyen finn ein mellom anna tradisjonelle rettar frå Hardanger som hakkasteik og røykjekjøtt, og heimebakte potetkaker. Har ein spesielle matynskjer ordnar me det meste.

Det er ikkje høve til å ta med eigen mat når ein har selskap i Agatunet, men me gjer unntak for å ta med egne kaker til konfirmasjonar, gebursdagar og brudlaup.

Prisar og tilbod finn ein i Agatunet sin meny.

Skjenking og alkoholservering

Agatunet har skjenkeløyve med alle rettar. Me har ein vin og sidermeny, og tingar i tillegg inn drikke etter kundane sine ynskje. Når ein planlegg selskapet kan ein velja om ein vil ha alt på same rekninga, eller om kvar gjest betalar sin eigen drikke, eller ein kombinasjon.

Det er ikkje høve til å nyta medbrakte drikkevarar i Agatunet.

Prisar finn ein i Agatunet sin meny.

Røyking

Agatunet er eir freda klyngetun med tett trehusbusetnad. Det er difor ikkje høve til å røykja i tunet, verken inne eller ute, utanom på tilvist stad.



AGATUNET

Underholdning og aktivitetar

Agatunet ynskjer å leggja til rette for eit spanande opphald hos oss, og kan by på ulike aktivitetar. Her er noko av det me kan arrangera.

Omvisning

La våre engasjerte og dyktige omvisarar ta gjestene med på ein runde i tunet. De får høyra forteljinga om Sigurd Lagmann, sjå utstillingar, og høyra korleis det var å leva i eit klyngetun.

Pris:

Som del av arrangement	50,- per person
I opningstida	50,- per person
Berre omvisning utanom opningstida	70,- per person, men min 1.000,-

Varighet: om lag 45 min, kortare eller lengre etter ynskje.

Konsert

Fleire dyktige folkemusikarar kan tilby konsert eller musikalsk innslag i tunet i samband med middagar og arrangement.

Pris: 3.000,- per musikar

Varighet: om lag 45 min, kortare eller lengre etter ynskje.

Sidersmaking

Hardanger er kjend som eit viktig siderområde. Høyr historia om sideren samstundes som du får smaka dei edle dråpane. Me samarbeider med mellom anna Hardanger Cideri som driv profesjonell siderproduksjon på Jåstad i Ullensvang. Ferskpressa eplesaft som alkoholfritt alternativ. Passar godt som velkomstdrikk, eller rett etter omvisninga

Pris: 100,- per person

Varighet: om lag 20 min.

